



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Cowi

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	01.07.2022	82427/2022/REGULERINGSPLAN/1579	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	09.09.2022

Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Elnesvågen sentrum – fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Hustadvika kommune har varsla oppstart av detaljreguleringsplan for Elnesvågen sentrum, kor formålet er å legge til rette for miljø- og framtidsretta utvikling, og eit attraktivt og sterkt kommunesenter.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Vi ser det som svært positivt at kommunen kjem vidare i arbeidet med sentrumsplanen, og det er mye godt grunnlagsmateriale vedlagt oversendinga.

Vi viser vidare til det regionale arbeidet som er i gong med Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026, og ein del av utredningsprosessane der kan vere relevant i arbeidet med sentrumsplanen for Elnesvågen.

Tettstadutvikling

Hustadvika har lagt ned eit godt strategisk planarbeid gjennom «gatebruksplan» og «byutviklingsstrategi» for sentrumsområdet i Elnesvågen. Arbeidet følgjer på ein førebileleg måte opp visjonane og målsettingane frå parallelloppdraget «nye Elnesvågen-sentrum i Hustadvika kommune» som vart gjennomført for nokre år sidan. Målsettinga er at kommunen skal ha eit attraktivt og levende kommunesenter som er knytt til

fjorden, som er «bymessig» og variert, lagt til rette for trivsel og opphald og der gåande og sykkel blir prioritert med blant anna fylkesvegen gjennom sentrum forma som miljøgate.

Fylkeskommunen har tidlegare avklart at miljøgate som prinsipp kan nyttast på fylkesvegar gjennom tettstader. Dette kan bli lagt til grunn i planarbeidet for Elnesvågen under føresetnad at trafikktryggleiken blir ivareteke. Det vidare planarbeidet må avklare korleis miljøgata skal formast med t.d. fartsdempande tiltak, fartsgrenser, breidder og designgrep slik at konflikten mellom vegens transportfunksjon og behovet for tryggleik og trivsel blir redusert. Gatebruksplanen viser mange gode grep for å kunne oppnå dette. Byutviklingsstrategien gir likeins mange døme på korleis oppnå kvalitet på dei bygde omgjevnadane. Ein må i det vidare arbeidet diskutere korleis sikre at viktige grep som struktur, plassering, fellesareal, forbindelsar og snarvegar blir heimla i plan samstundes som det er rom for fleksibilitet.

Vi oppmodar til at man samstundes med planarbeidet arbeider med ein gjennomføringsstrategi for naudsynt grøn infrastruktur som t.d. miljøgata, torg, felles grønstruktur, leikeplassar osv. gjerne delt opp i etappar. Vi gjer merksam på at det er høve gjennom loven til å etablere ein områdemodell for felles offentlig infrastruktur basert på behova som følgjer av planen. På denne måten kan ein få kostnadene for gjennomføring opp i dagen saman med planen og om det er ønskeleg fordele investeringskostnader mellom kommunen og dei private aktørane som utløyser behovet. Kostnader kan delast ut frå arealstorleik, tal m2 BRA el. tal einingar etter nytteverdi.

Samferdsel

Fylkesveg 663 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 6400 køyretøy og fartsgrensa er 50 km/t. Vegen er i rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser gitt haldningsklasse «meget streng», og byggegrense 50 meter målt frå senterlinje veg.

Om byggegrensene

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan det ikkje byggast innanfor byggegrensa. Dette gjeld alle byggverk, inkludert laus kiosk, opplag eller anna større innretning, vareramper, murar og liknande innretningar, utsprengde og utgravne rom, nettstasjonar m.v.

Byggegrensa må visast i kartet, og talfestast i tilhøyrande føresegn. Langs fylkesveg 663 er byggegrensa som nemnt 50 meter frå senterlinje veg. Vi ber om å bli kontakta for dialog med omsyn til byggegrensa.

Trafikktryggleik

Planforslaget må omtale eventuell trafikkauke, trafikkløysingar, kollektivtrafikk, samt situasjonen for mjuke trafikantar. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, beskriving av planforslaget, verknader av planforslaget, eventuelt avbøtande tiltak og rekkefølgekrav.

Køyretilkomst

Føresegnene må sikre at avkøyrslene blir utforma i tråd med gjeldande, tekniske krav, jf. Statens vegvesen sine normalar. Rekkefølgeføresegn må sikre opparbeiding/utbetring av køyretilkomstane som første del av utbygginga i planområdet.

Vegnormalane skil på avkøyrslar og kryss, der det er ulike krav til geometrisk utforming. Siktkrava vil også vere ulike for ny- og/eller eksisterande køyretilkomst.

Etablerte køyretilkomstar som skal bli stengt som følge av samlokalisering, må bli vist som stengde i reguleringsplankartet, og rekkefølgjeføresegn må sikre at desse blir sanert når ny avkjørsel blir opparbeidd.

Frisiktsonene

Det at køyretilkomsten sine frisktsoner blir inkludert i planavgrensinga vil sikre forvaltning, drift og vedlikehald. Innanfor sikttrekanten skal mellom anna eventuelle sikthindringar ikkje være høgare enn 0,5 m over primærvegen sitt køyrebanenivå (jf. N100 4.1.1.6 Siktkrav). Frisktsoner må bli talfesta, helst i plankart, ev. i føresegner.

Areal

Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må regulerast til formålet «annan veggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.

Støy

Forslaget legg opp til svært uheldige miljømessige konsekvensar med tanke på støy og utslepp frå nedbremsing og akselerering langs fylkesveg 663. Støy må bli vurdert i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, føresegner og ev. avbøtande tiltak.

Leik

Det bør ikkje leggjast til rette for leik og aktivitetar inntil fylkesvegen, da dette er ei stor utfordring for trafikktryggleik og kan føra til fleire utfordringar med tanke på støyproblematikk. Dette er noko vi er svært skeptiske til da areal for leik og andre aktivitetar ikkje vil legge til rette for trygge og gode opphaldsareal.

Nedsetting av fartsgrense

Det må formelt bli søkt om nedsett fartsgrense for ei gitt strekning. Søknad må bli sendt til post@mrfylke.no. Ved mottatt søknad vil Møre og Romsdal fylkeskommune vurdere søknaden ut frå fartsgrensekriteria gitt i NA-rundskriv 2021/01, og deretter gi ei anbefaling i samsvar med desse kriteria, eller avslå søknaden. Dersom fylkeskommunen gir ei anbefaling, blir saken sendt over til Statens vegvesen som skiltmynde for eit ev. vedtak. Ved eventuelt avslag er det mogleg å be Statens vegvesen som skiltmynde om ny vurdering dersom saken skulle kome så langt.

Trinnvis utbygging

Det kan ikkje gå føre seg ei samtidig utbygging av dei ulike områdene i sentrum langs fylkesveg 663. Ny utbygging av områdene og veganlegget må byggast ut trinnvis slik at trafikktryggleik til ei kvar tid er tilfredsstillande. Utbyggingstrinn for området må definerast, samtidig som at det må stillast rekkefølgjekrav til kva for tiltak som må utførast og når.

Vi ber dykk om å ta nærare kontakt for dialog og vidare avklaringar.

Kulturminne frå nyare tid

Kunst kan vere med å utvikle og skape gode stader og lokalmiljø. Vi oppfordrar til at kommunar ser på moglegheita for å få til gode kunstprosjekt som ein del av stadutviklinga si. Lokalsamfunnsordninga til KORO gir kommunar moglegheit til å søke støtte til produksjon av kunstprosjekt i offentlege rom og utvikling av kunstproduksjon i offentlege rom (forprosjekt).

Formålet med ordninga er å stimulere til produksjon og formidling av kunstprosjekt i offentlege rom, og bidra til utvikling innan fagfeltet lokalt og regionalt. Sjå her for meir informasjon og for å søke: <https://koro.no/sok-tilskudd/sok-prosjektstotte/>

Barn og unge

Eit sentrum utgjør ein viktig møtestad særleg for dei unge, men kan også legge til rette for møte mellom generasjonar og barns leik.

Jmf. Rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga så vil vi følge opp kor planarbeidet legg til rette for at barn og unge får delta i planprosessen og kor planen tek omsyn til gruppa.

Universell utforming

Eit universelt utforma sentrum er brukarvennleg for alle innbyggjarar.

I eit sentrum bør det vere lagt til rette for korte avstandar mellom til dømes ulike publikumsretta bygningar, uteområde og kollektivtransport. Ei universell utforming av eit sentrum kan også legge til rette for at eldre innbyggjarar kan delta og leve mest mogleg sjølvstendig med kort veg til møteplassar, butikkar, kollektivtransport og kommunal/offentleg service.

KS har utarbeida nokre hefter som kan vere nyttig i arbeidet med universell utforming i sentrumsområde:

[UUOpparbeidetUteareal.pdf \(ks.no\)](#)

[Handelslokaler.pdf \(ks.no\)](#)

KONKLUSJON

Vi viser til merknader ovanfor og ber om at dei blir tatt omsyn til i den vidare planprosessen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Tettstadutvikling: rådgivar Grete Kongshaug, tlf. 480 27 366

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Kopi:
Hustadvika kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
NVE